

klima+

-rein naturglede

Frå uforpliktande intensjonsavtalar til forpliktande dialog
KS strategikonferanse 2023
Jostein Aanestad, rådmann Øystre Slidre



Øystre Slidre kommune
- rein naturglede!

Internasjonale krav og nasjonale mål



- Redusere utslepp av klimagassar med 55 prosent innen 2030, nullutslepp innan 2050
- 30% av naturen skal bevarast og 30 % av tapte natur skal restaurerast
- 55 – 85 % av avfallet skal gjenvinnast
-
-



Applaus fra klima- og miljøminister Espen Barth Eide og forhandlingsleder Gaute Voigt-Hanssen da avtalen på naturtoppmøtet i Montreal ble vedtatt. Foto: Kari Asheim/KLD




Øystre Slidre kommune

- rein naturglede!

Kvifor fokus på hyttenæringa

- Vi har fleire deltidsinnbyggjarar enn innbyggjarar.
- Hyttenæringa gjev grunnlag for mange arbeidsplassar i kommunen.
- Hyttenæringa har eit stort klimafotavtrykk:
 - Ha to «fullverdige hus» med liten bruk ☹️
 - Stort transportbehov mellom hus og hytte ☹️
 - Stort arealbeslag med hus og hytte ☹️
- Skal vår hovudnæring vera framtidsretta må den bli klimanøytral.



Kva ønsker vi?

- Kommunen ynskjer å vise veg innanfor utbygging og drift av hytteområde. Vi vil teste lovverket for kor langt vi kan gå gjennom planarbeidet for å omstille denne næringa.
- Gjennom arealplanlegging, reguleringsplanar, føresegner, utbyggingsavtalar og klimabudsjettt vil vi sjå på kva vi kan krevje og avtale med utbyggerne.




Øystre Slidre kommune

- rein naturglede!

Kva ser vi på?

- **Arealforbruk**
 - Bygge mindre bueiningar.
 - Minimere infrastruktur
 - Fortetting – konsentrert utbygging
 - Vurdere foravtrykket for ulik type areal (m.a. myr)
 - Byggeprosessen
- **Materialbruk og materialtransport i byggefase**
 - Type material – karbonbinding i tre, miljøbetong
 - Kortreiste material
 - Avfallshandtering
- **Energiforbruk og energifleksibilitet**
 - ENØK, bioenergi, solenergi
- **Grøn mobilitet**
 - Kollektivtilbud til/frå Valdres
 - Transportbehov – senterutvikling, lokalbuss
 - Hente-/bringeteneste for menneske, mat og material
 - Delingsløysingar for bil og sykkel
- **Miljøavtrykk frå bruk og drift**
 - Delingsøkonomi for bruk, transport, utstyr, areal
 - Avfallssortering og ombruk



Uforpliktande intensjonsavtaler

Utbyggere

- 7 større utbyggingsprosjekt
- Interesse frå mindre hyttebyggerar

Leverandørar

- Byggevare og betong
- Bearbeidde treprodukt
- Utleie service
- Vaktmester og hytteservice
- Arealplanlegging

Forpliktende dialoger

- Konkrete løysingar for alle innsatsområda
- Bidra med hjelpe og støtte i val av løysingar
- Overføring av kunnskap

-> kunnskap- og planverksutvikling



Øystre Slidre kommune
- rein naturglede!

Intensjonsavtaler

Utbyggjarar

- Framsynt Fritid
- Vangsjø Panorama
- Grønolen Fjellgard
- Destinasjon Skaget /Gravfjellet
- Finntøpplia
- Skjenhauglie
- Aasgaarden
- ... Luskeråsen
-

Leverandørar

- Monter Storfoss
- Ryfoss Betong
- Vyrk
- Beitostølen Booking
- Arves vaktmesterservice
- Areal+



Materialbruk



- Kunnskap om materialer – ombruk
- Samarbeid med lokale leverandører - Vyrk
- Gjennomgang av innkjøpsavtaler
- Dialog med utbyggere om materialvalg
- Massivtre – karbonlagring
- Lågkarbon i alle prosjekter er eit mål – krav i våre innkjøp
- Auka bruk av biotak og stadseigne frø




Energiforbruk og fleksibilitet

Effektive system

- Krav til vassbåren varme i sentrumsnære område
- Solcelle på tak og fasade, frå forbud til ønske
- Pådriver via utbygger i nye retningslinjer for fornybar energi produksjon
 - Nytt regelverk for deling av egenprodusert strøm i felles solcelleanlegg usatt til ?
- Dialog med nettleverandør for å sikre drift og tilgang

Flekible løsninger

- Oppfordre til nye løsninger i dialog med utbyggere



Miljøavtrykk frå bruk og drift

- Eigen kommunal nettside om kva kan du gjere
 - Må du bygge?
 - Må du bygge aleine?
 - Må du bygge så stort?
- Brev frå ordførar til nye bedrifter
- Brev med gåve frå ordførar til alle nybakte foreldre
- Opplæring i miljøvenleg levemåte



Øystre Slidre kommune
- rein naturglede!



Foto: Astrid av A.R.Olsen

Kommuneplanen



Me har gjennom støtte frå Miljødirektoratet starta eit prosjekt som heiter Klima+. Her ska me leggje til rette for meir klimavennlege hyttebygging og arbeide med reguleringsplanar som tek større omsyn til grøn omstilling.

Utbyggingsgrense i fjellet, i lag med verneområda i kommunen, er ein strategi for å ta vare på urørte område. I tida framover vil det truleg kome fleire og strengare restriksjonar for å utarbeide nye reguleringsplanar. Her skal Øystre Slidre vere i forkant, møte klimamåla i 2050 og satse på meir grøn og berekraftig næringsliv og hyttebygging. Fortetting av eksisterande hyttefelt er viktig for å ta vare på urørte område og naturmangfald.

Strategiar:

- Me bør unngå omdisponering av dyrka og dyrkbar mark, myr og skog med god bonitet.
- Me skal ha fokus på fortetting av hytte- og bustadområde og slik i større grad unngå urørte område. Ved utarbeiding av område- og detaljplanar skal det vere strengare krav i reguleringsføresegna i høve til miljø og klima.
- Me skal bidra til å etablere fritidseiningar som i utbygging og drift har positiv klimaverknad, m.a. gjennom kommunen si satsing på Klima+.
- Nye reguleringsplanar skal i større grad ha føresegner som bidreg til Noreg blir eit lågutsleppsamfunn og omstiller næringane.
- Me skal arbeide for reduksjon av klimagassutslepp og lokale miljøureiningar gjennom påverknad og tilrettelegging for val av utbyggingsløyser og bruk av energikjelder.
- Me skal arbeide med tilrettelegging for miljøvennleg transport, både med el-bil, off. transport og tungtransport.



Øystre Slidre kommune

- rein naturglede!


Ivareta klimahensyn i arealplanen

Gå gjennom alle område sett av til fritidsutbygging. Teke ut 1500 dekar, 320 tomte

Fortetting

Utbyggingsgrense i heile kommunen

Sentrumspan for Beitostølen



Øystre Slidre kommune
- rein naturglede!

Reguleringsplan for Aasgarden

Føremål med planen er :

- Å bygge opp om måla for Klima+. Planen skal legge rammer for ein arealbruk som i utbygging og drift bidreg til gode klima- og miljøløysingar gjennom klimabudsjettering, bruk av lågkarbon, effektiv arealbruk, energieffektive løysingar bygd på fornybare energikjelder, sirkulær materialbruk m.v.



2.2.1 Klima +

Øystre Slidre kommune skal arbeide for ei berekraftig utvikling som imøtekjem dagens behov, utan å øydelegge moglegheitene for at kommande generasjonar skal få dekt behova sine. Som ein del av dette arbeidet er prosjektet *Klima +* etablert.

Hovudsatsingsområda er knytt til:

- Arealutnytting
- Materialbruk og materialtransport i byggefasen
- Energibruk og energifleksibilitet
- Transport til og frå fritidsbustadane
- Miljøavtrykk frå bruk og drift



Øystre Slidre kommune

- rein naturglede!

Utbyggingsavtale Finntøpplie



• 7. OPPFØLGING AV INTENSJONSAVTALEN OM KLIMA+

- Utbygger og kommunen har inngått ein intensjonsavtale om utbygging av området på ein berekraftig og klimavenleg måte. Denne utbyggingsavtalen er ei oppfølging av intensjonsavtalen. Utbygger skal ved seinast ved rammesøknad presentere plan for utbygginga som m.a. omtalar følgjande:
- God tomtetilpassing og arealutnytting, med mange bueiningar pr. arealeining og gjennom sameigevedtekter m.v. legge til rette for delingsløysingar for bueiningane.
- Bruk av materialtypar med lågt klimaavtrykk.
- Energiløysingar, legge til rette for bruk av bioenergi/fjernvarme og utnytting av solenergi.
- Grøn mobilitet, m.a. legge til rette for tilstrekkeleg kapasitet med ladepunkt for bruk av el-bil.
- Gode avfallsløysingar, kjeldesortere all bygningsavfall og levere dette til godkjent mottak for gjenvinning.
- Utbygger vil i utbyggingsfasen årleg gje ei rapportering til kommunen om korleis desse punkta vert ivareteke i utbygginga.



Øystre Slidre kommune

- rein naturglede!

Nødvendige føresetnader for å lukkast

- Erkjenne miljøutfordringane politisk og administrativt
- Gjere utfordringane relevante for oss – hyttenæringa
- Ha tilstrekkeleg administrativ kapasitet – Klimasatsmidla avgjerande
- Ha entusiasme, mot og nokre lokale ildsjeler
- Gjere satsinga også relevant i marknaden
- Kombinere verkemidla i plan- og bygningslova med uforpliktande avtalar og forpliktande dialog



For meir informasjon kontakt prosjektleder Anni Onsager

Tlf: +47 93434111 epost: anni.onsager@oystre-slidre.kommune.no